



Vegard Årtun Bergane frå Matre (7) var raskast i det første Solfjellløpet. Dette biletet er teke like etter starten. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Solfjellløpet - frå Haugland til toppen av Solfjell - vart arrangert for første gongen i fjor og vart ein suksess med 70 deltakarar.**

**.I år satsar ski- og friidrettsgruppa på ein ny suksess, med minst dobbelt så mange deltakarar når løpet går den 12. juni, seier leiar Ole Vidar Monsen.**

Løpet blir flytta to veker slik at det blir avvikla den same helga som Aktivetsdagen. Dermed blir dette ei helg fylt av aktivitet i Uskedalen.

Monsen opplyser at dei allereie tar imot påmeldingar, men det blir høve til å melda seg på heilt til det siste -også på ein stand under Aktivetsdagen.

Løypa blir den same som i fjor. Den er 4,8 kilometer lang og startar på 32 meter over havet ved Haugland medan

den endar 892 meter på toppen av fjellet. Unge Vegard Årtun Bergane frå Matre var askast i fjor og gjennomførte løpet på 45,28 i solsteiken.

Beste uskedeling var Steinar Haugland på tredjeplass med 51,52. Blant damene var Catrine Haugland den sprekaste - ho kom inn på 58,25.

Men Monsen strekar under at dette er eit løp også for dei som ynskjer å ta det roligare. 46 var med i trim- og mosjonsklassa i fjor og ein håpar på langt fleire i år.

Er Solfjelløpet på veg til å bli ein klassikar?

Av Ola Matti Mathisen